

Klimanettverk Jæren og Arne Sæbø inviterer jordbruk- og gartnerinæringa til

## Idédugnadsmøte med **kveldsmat**

på veksthusloftet på Særheim

Onsdag 10. april kl 18.30 – 21.00



Å få ned klimagassutslepp frå jordbruk og veksthus:

- Kva kan **du**/din bedrift bidra med?

Ungdommen er engasjert og vil ha svar: Kva gjer me for å få ned utslepp?

Jordbruket og gartnerinæringa har dei største utslepp i kommunar som Klepp. Skal me nå målet om å redusere utslepp i kommunen med 40% (nye Stavanger 80%) innan 2030 må alle bidra med sin del. «El-bilen» er ikkje svaret på alle utfordringar!

Næringa i dag slepp ut mykje! Snu det til noko positivt med tanke på å nå målet om 40 % reduksjon innan 2030. Sjølv **få prosent reduksjon av store utslepp monner!**

**Landbruk og gartneri reduserer utslepp allereie – men nesten ingen har høyrte om det!**

Klimanettverk Jæren, finansert med Klimasatsmidlar frå staten, vil gjere noko med akkurat dette: Gå bak tallene i klimastatistikken, splitte opp i ulike bidrag, få fram kor det skjer endringar og, ikkje minst, få utvikla prognoser mot 2030.

- Kor mykje slepp landbruk og ikkje minst gartneri egentleg i dag?
- Ny teknologi (varmepumpe, CO<sub>2</sub> frå Grødeland m.m.) – Kor store klimagass-reduksjonar er bransjen på veg til innan 2030?
- Kva må til for å auke tempoet? Myndighetskrav – eller er det krav frå kunden som er viktigaste drivar? Eller rett og slett økonomien –det er pengar i å redusere utslepp.

Overgang frå naturgass til el og enøk er kanskje nøkkelen for gartnerinæringa.

Gjødselhandtering, utvikling innan for fór-produksjon for mindre metan frå dyra, grøfting og fossilfri transport, både på gården og til forbrukaren, er avgjerande for landbruket.

Klimanettverket har midlar til å engasjere konsulent for å få fram lokale tal. Idédugnaden bør komme med dei gode innspelane for kva som er interessant å få talfesta og jobba vidare med.

- Kva gjer næringa allereie i dag – kva må til å for auke tempoet
- Kva mål bør næringa har for 2030 - Kva kan vi få til? – Kva krev det av rammevilkår?
- Kva koster det – Kven skal betale? Har næringa råd til å la vere? (Opinionen, kundekrav)

Arne Sæbø skal orientere om prosjekt på Særheim dei held på med.

Håper mange kan møte til kveldsmat (kanskje med heimebakt brød?) onsdag 10. april. Kan du ikkje møte sjølv – inviter ein kollega! Me vil ha ei breidt samansett gruppe.

Påmelding for å handle nok mat til [peter.willmann@klepp.kommune.no](mailto:peter.willmann@klepp.kommune.no) innan 9. april

Med helsing

Peter Willmann

Fagansvarleg arealplan Klepp kommune, «leiar» for Klimanettverk Jæren

For meir info om Klimanettverket sjå vedlagt kopi av tildelingsbrevet for midlar for 2019

